



INNSLAG: Festen hadde gode innslag frå (frå v.) Bjørn Stordrange, ordfører Jan Sigbjørnsen, Ole Z. Torkildsen, Ingvild Seland, Idar Stegane, Andreas Hompland.



BARNEBARN: Hans og Serena fekk 21 barnebarn. Av dei 18 som lever, kom 13 til festen. Framme frå v.: Eldrid Arne, Nils Seland, Bo Reinertsen, Signy Øydvin. Bak: Ingvild Seland, Målfrid Sundvor, Åsgeir Seland, Sigrun Haktorsen, Vigdis Prestegård. Heilt bak: Solveig Haktorsen, Hogne Haktorsen, Øystein Seland og Hans Ingvar Seland.



MINIKOR: Framførte salmar av Hans Seland. Frå v. Kjell Halvorsen, Nils Seland og festleiar Ole Z. Torkildsen.



LEIK: Nils Seland spela fele (og dansa) til leikarringen.

Hylidet flekkefjords- forfatter

Minnefesten om 150-års dagen til den største forfatteren i Flekkefjord nokon gong, Hans Seland, blei feira i Spira laurdag.

Av AGNAR KLUNGLAND

Dei over 200 som fylte Flekkefjord si nye kulturstove, fekk ei verdig oppleving i eit program samansett av Kulturlaget Seland og Flekkefjord Historielag. Her var eit mangfald av kulturinnslag som står i stil til den velkjende forfatteren, samfunnsdebattanten og bonden frå Seland i Nes.

Festleiar Ole Z. Torkildsen leia den tre timar lange festen på ein lun og treffande måte. Sonesonen Nils Seland er like allsidig som bestefaren. Han spela fele til leikarringen saman med flygelspelart Arne Stakkeland, han leia songen til dei og las skrøner frå Seland si bok «Bygdefolk». Litteraturvitar med doktorgrad i nordisk litteraturvitskap, Idar Stegane, innleia om målmannen som gjorde ein stor innsats for å gjera landsmålet og nynorsken brukelig for folk flest med å bruka dialekt.

JUSTISMORD: Advokat Bjørn Stordrange som vaks opp ved Selura, nabolaget til Seland, greidde ut om Hetlesaka, eit justismord frå Gaular i Sogn. Hans Seland fekk etter lang kamp sett at saka blei tatt opp att og dei mistenkte frikjent – viktig lærdom for justudentar den dag i dag og legg vekt på at tvil skal kome den tiltalte til gode.

Publikum gleda seg over «prosjektkoret» med songarane Ole Z. Torkildsen, Kjell Halvorsen og Nils Seland som framførte omarbeidde salmar frå Seland si diktarhand. Morosamt var også framføringa av ei scene frå «Prinsesse Gullsko». Flekkefjord Kulturskole fekk vist noko av det Seland si kjende barnebok handlar om.

KLOK KONE: Kvinesdal sin kjente journalist og folketalar, sosiolog Anderas Hompland, fortalte om korleis han bruka Hans Seland si bok, «Arbeidsmann», då Hompland skreiv boka «To-kyrs industriarbeidarar i streik», om den landskjende streiken ved Trælansfos Tresliperi i 1925.

Barnebarnet Ingvild Seland, dotter til Nils, heidra Hans si kone, Serena som «stod bak» diktarhordingen og måtte ta mange tunge tak medan mannen reiste landet rundt. Som ung lærarinne kom ho til Flekkefjord. Det var modig av byjenta frå Stavanger å slå seg ned på eit veglaust småbruk på Selandshøia. Dei fekk åtte born, Serena var klok, kunnskapsrik og var konsulent og rådgjevar for mannen. Ho var dessutan flink med hendene og fekk Norges Vel sin medalje for nyttehusflid, og Vest Agder Landbrukssekselskap gav ho medalje for dugande arbeid med kvinneleg husflid.

Dei 13 barnebarna som var til stades og deira barn fekk saman med kulturinteresserte frå Stavanger i vest til Kristiansand i aust ein høgtidskveld i Spira som dei vil minnast. 150 års jubileet blei ein fin innfallsport til Flekkefjord by sitt 175 års jubileum seinare i år.



SPEL: Scene frå Seland si bok, «Prinsesse Gullsko og søstre hennar», framført av Flekkefjord Kulturskole.